Vedlegg til høyringsbrev av 04.07.16, ref.

## Forslag om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning (omsett til nynorsk)

Fastsatt av Kunnskapsdepartementet 31. januar 2007 med heimel i lov 1. april 2005 nr.15 om universiteter og høyskoler § 3-6, § 3-7 og § 4-9, jf. delegeringsvedtak 7. oktober 2005 nr. 1107. Endra ved forskrifter 18. oktober 2007, 18. november 2008, 24. april 2009, 23. november 2009, 11. juni 2010, 30. november 2010, 28. november 2011, 31. januar 2013, 21. januar 2014, 26.01.2015, 12. mai 2015 og 22. januar 2016.

Endringar i forskriftsteksten er markert med ***feite bokstaver*** og ~~***stryk***~~***.***

### Kapittel 3 Unntak frå krav om generell studiekompetanse

*§ 3-6. Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til enkelte kunstfag*
Det vert foreslått endring i første ledd:

***Generell studiekompetanse skal framleis vere det normale kravet for opptak også for desse studiane.*** Unntak frå krav om generell studiekompetanse gjeld for søkjarar som fyller spesielle faglege krav fastsett av institusjonen ved opptak til følgjande utdanningar og/eller institusjonar  (jf § 4-1).

Nytt punkt 10 i opplistinga:

- ***Studier ved Den norske filmskolen* ved Høgskolen i Lillehammer**

### Kapittel 4 Spesielle opptakskrav

§ 4-2. Spesielle opptakskrav til enkelte helse- og veterinærfag

Det vert foreslått endring i andre punkt:

- *Bioingeniørutdanning* ~~*og Reseptarutdanning*~~

Matematikk R1 eller (S1+S2) og anten Fysikk 1 eller Biologi 1 eller Kjemi 1

Det vert foreslått følgjande endringar i fjerde punkt:

Nåverande fjerde punkt vert stroke.

- ~~***Tannteknikarutdanning***~~

~~***Matematikk R1 eller Matematikk (S1 + S2) eller Fysikk 1 eller Kjemi 1.***~~

Det vert foreslått nytt fjerde punkt:

Frå og med opptak til studieåret 2018-2019:

- ***Farmasi (bachelor)***

***Matematikk R1 eller Matematikk (S1 + S2) og Kjemi 1 og anten Fysikk1 eller Biologi 1 eller Kjemi 2***

Det vert foreslått følgjande endring i sjette punkt:

- *Ernæringsstudiar (bachelor) ved Universitetet i Bergen****,*** ~~*og*~~ *Universitetet i Agder* ***Universitetet i Tromsø Norges arktiske universitet og Høgskolen Kristiania***

Matematikk R1 eller Matematikk (S1 + S2) og Fysikk 1 og Kjemi (1+2)

Frå og med opptak til studieåret 2018-2019 fell ernæringsstudiar (bachelor) ved Universitetet i Agder***, Universitetet i Tromsø Norges arktiske universitet og Høgskolen Kristiania*** inn under føresegna.

*§ 4-10 Spesielle opptakskrav til diverse fag*

Det vert foreslått at følgjande studium vert lagd til i andre ledd, der det går fram følgjande:

"Søkjarar til desse studia og institusjonane må bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette ved institusjonen":

- *Bachelor i Lyddesign* ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology
- *Bachelor i Visual Effects* ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology
- *Bachelor i Spilldesign* ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology

## Kapittel 7 Rangering av søkjarar ved opptak

*§ 7-2 Kvote for førstegongs vitnemål og ordinær kvote*

Det vert foreslått følgjande endring i første ledd, første setning:

Kvote for førstegongsvitnemål omfattar søkjarar som ikkje fyller meir enn 21 år i opptaksåret, og som har fått utferda førstegongsvitnemål etter ~~***tre år***~~ ***normal tid*** i vidaregåande opplæring etter føresegner fastsette i forskrift til lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.